



Kommunane i Hordaland

## Tilskot til dyrlækjartenester i 2016

Det vert også i år tildelt tilskot til vakt-distrikta i form av vakttilskot og stimuleringstilskot.

### 1. Vakt- og administrasjonstilskot

Dette tilskotet vert tildelt frå Landbruksdirektoratet, men utbetalt frå Fylkesmannen.

#### Rapportering 2015.

Fylkesmannen ynskjer å få rapport over bruken av midlane innan 1.3.16.

Rapporten skal syna kor mykje som er brukt og kor mykje som er tildelt til desse to føremåla. Dessutan ynskjer Fylkesmannen merknader til avviklinga av vaktordninga, i kva grad dette fungerer etter intensjonen.

### 2. Stimuleringstilskot

Her er det endringar i år. Det er ikkje lenger sagt at indre strok skal prioriterast. Såleis kan alle vakt-distrikt som har vanskar med å skaffa dyrlækjar til husdyrnæringa, søkja om midlar. Det er også slik at kommunar og herad som slit ekstra grunna store avstandar, få husdyrbruk og liten veterinærdekning, kan søkja separat.

Søknaden bør vera konkret og målretta, og må sendast inn til Fylkesmannen innan 1.2.16.

#### Rapportering 2015.

Fylkesmannen ynskjer rapport frå fjoråret innan same tidsfrist, første februar.

Rapporten skal syna kva tildelte pengar er vorten brukte til, og om eventuell effekt av tilskotet.

Med helsing

Dirk Kohlmann  
Ass. landbruksdirektør

Olav Klubben  
Fylkesagronom

---

*Brevet er godkjend elektronisk og har difor inga underskrift.*